

Vedtekter for FAU ved Skodvin Montessoriskule.

§ 1- Foreldrerådet

Alle foreldre og føresette til born ved skulen, er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

§ 2 - Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) er eit arbeidsutval vald av foreldrerådet og er det utøvande organet for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom foreldra og skulen. FAU skal sikre reell medverknad for foreldra, og ha medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt.

§ 3 - Val og kontinuering

Foreldremøte vel to foreldrekontaktar for kvart årstrinn. Ein skal vere medlem av FAU, den andre vert vararepresentant til FAU. Foreldrekontaktane blir vald for to skuleår, helst på foreldremøte på våren i kvar klasse.

FAU konstituerer seg på det første møtet etter valet (vanlegvis i juni) og vel leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlemmer. Leiar i FAU vert vald for to år.

§ 4 – Komitear

FAU set ned komitear for spesielle eller konkrete oppgåver, t.d. utemiljø, innemiljø, dugnad for vennskap, arrangement på skulen.

§ 5 - Møter

FAU har møte om lag annan kvar månad, eller når minst tre medlemmer krev det. Rektor møter viss ho er invitert.

§ 6 – Oppgaver

- FAU skal ta initiativ til sosiale tiltak for elevane.
- FAU skal holde ei samling for foreldre og lærarar – ein temakveld – i løpet av skuleåret.
- FAU skal jobbe kontinuerleg for eit mobbefritt skulemiljø – DUGNAD FOR VENNSKAP.
- FAU skal formidla og drøfte problemstillingar frå enkeltforeldre.

§ 7 - Økonomi

FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn på arrangement i regi av FAU. Bevillingar kan berre gjevast til formål som kjem skulen sine elever direkte til gode. Regnskap skal leggjast fram på konstitueringsmøte. På konstitueringsmøte skal det leggjast fram forslag til ein person som ikkje sit i FAU, med økonomibakgrunn, som kan sjå gjennom rekneskap og hjelpe økonomiansvarleg det kommande året.

§ 8 - Teieplikt

Forvaltningslovens bestemmelser om teieplikt gjeld for foreldrekontaktar og medlem av skulen sine rådsorgan (Opplæringsloven § 15 - 1).

§ 9 - Endringar av vedtektene

Vedtektene skal gjennomgåast i FAU ein gong i året. Forslag til endringar i vedtektene må sendast skriftleg til FAU. Endringane tas opp og vedtas/vedtas ikkje på møte i foreldrerådet, dvs. på dei ulike foreldremøta. For vedtektsendring må endringa vedtas med enkelt fleirtal av frammøtte i fem av sju klassar.

§ 10 – FAU møterefertat

Møterefertata skal leggjast ut på Skodvin Montessoriskule si heimeside, www.skodvinskule.no. Møterefertata må utformast slik at dei ikkje bryt teieplikta.

Desse vedtektene vart vedtatt på FAU-møtet 24.02.2016